

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 106/16 | Formannskapet | PS | 01.09.2016 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Hogne Haugsdal | 16/8 |

Høyring – utgreiing om Fylkesmannen si framtidige struktur

Vedlegg:

Samlet dokument versjon 05. juli (L)(182976) Utredning av fylkesmannens fremtidige struktur - forelegge(1) (L)(182975)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen legg fram sak til politisk drøfting.

Formannskapet - 106/16

FO - behandling:

Fellesframlegg:

- Lindås kommunestyre går inn for at geografisk arbeidsområde for fylkesmannsembeta må samsvara heilt med grensene for framtidige folkevalde regionar. Dette er svært viktig for å få til godt samspel mellom kommunane og dei viktigaste regionale forvaltningsorgana.
- For å sikre tilstrekkeleg nærliek mellom fylkesembeta og kommunane rår ein til at departementet vurderer regionmodellen nærmare.
- Vidare rår til at andre statlege etatar som Statens Vegvesen, NVE, Kystverket m.v. får same geografiske arbeidsområde og lokalisering [som dei framtidige regionane](#), slik at kommunane kan treffa dei statlege aktørane og spela på lag med desse på ein effektiv og rasjonell måte. Dette vil og sikra ei betre samordning og betre lagspel på regionalt nivå.

Framlegget vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

- Lindås kommunestyre går inn for at geografisk arbeidsområde for fylkesmannsembeta må

samsvara heilt med grensene for framtidige folkevalde regionar. Dette er svært viktig for å få til godt samspel mellom kommunane og dei viktigaste regionale forvaltningsorgana.

- For å sikre tilstrekkeleg nærliek mellom fylkesembeta og kommunane rår ein til at departementet vurderer regionmodellen nærmare.
- Vidare rår til at andre statlege etatar som Statens Vegvesen, NVE, Kystverket m.v. får same geografiske arbeidsområde og lokalisering [som dei framtidige regionane](#), slik at kommunane kan treffa dei statlege aktørane og spela på lag med desse på ein effektiv og rasjonell måte. Dette vil og sikra ei betre samordning og betre lagspel på regionalt nivå.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjera i kommunestyret

Høyringsuttale:

Bakgrunn:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) held på med ei utgreiing rundt framtidig struktur for fylkesmannen. KMD sender ut ein foreløpig rapport på ein brei innspelsrunde. Den foreløpige rapporten inneholder ikkje konkrete anbefalingar og er ikkje handsama politisk i KMD.

Mandatet for utgreiinga har vore å sjå på ulike modellar for fylkesmannen struktur, avgrensa til geografisk inndeling av embeta. Sidan utgreiinga går parallelt med kommune- og regionreformene, blir modellane mellom anna drøfta i lys av ulike scenarier for kommune- og regionstruktur.

Rapporten vil bli vidare arbeida med i haust, mellom anna i lys av innkomne innspel og resultat i dei parallelle prosessane så langt. Utgreiinga skal vere klar før årsskiftet.

Sjå vedlagt utsendingsbrev for meir informasjon om bakgrunn og mål for arbeidet. Frist for innspel er sett til 14. oktober.

Vurdering:

Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting